



## Budsjett 2012

Klinikk Psykisk helsevern  
Helse Førde HF

## INNHALD

Samandrag.....	2
Status og omstilling.....	2
Økonomi.....	3
Ramme 2012.....	3
Føresetnader i budsjett 2012.....	3
Inntektsutvikling.....	4
Aktivitetsutvikling.....	4
Aktivitet per avdeling.....	5
Kostnadsutvikling.....	6
Tiltak.....	6
Innsparings- og omstillingstiltak PHV.....	7
Bemanningsplan.....	7
Budsjettprosess.....	7
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet:.....	7

## Samandrag

PHV har utarbeida budsjett innanfor dei rammer som er tildelt. Budsjetttramma for PHV er lagt inn i klinikken sitt budsjett slik at ein på klinikknivå har balanse med kostnader lik inntekter. På avdelings-, seksjons- og ansvarsnivå er budsjettet ført slik at dei har netto kostnad.

PHV for vaksne har lagt ned pasientsenger i 2011, og har i 2012 behov for å sikre kvaliteten og omfanget av dagtilbod slik at ein framleis tilbyr gode pasientforløp ved kvart DPS. For å oppnå dette må vi ha fokus på kostnadane til sjukehusfunksjonar. I budsjettet er det lagt opp til å nytte 63,3 % av nettobudsjettet for vaksenpsykiatrien til DPS. For å sikre likt tilbod i kvart DPS må PSK redusere kostnadane og omfanget av sjukehusfunksjonar.

PHV for barn og unge vert vidareført om lag på dagens nivå (dekningsgrad rundt 5 %), som var måltalet i opptrappingsplanen for psykisk helse. BUP har fått eit år til å tilpasse seg ein budsjettmodell der BUP får 20 % av budsjetttramma til PHV, etter at felles kostnader er halde utanfor fordeling. For BUP er det difor ei stor utfordring å justere driftsnivået ned med 5,1 mill. Eit grep for å nå dette er å leggje ned Familiehuset. Familiebehandlingstilbodet vil vert vidareført som eit poliklinisk tilbod ved BUP.

RUS har redusert kjøp av gjestepasientplassar i 2011 til eit nivå som kan være det nivået som følgjer av fritt sjukehusval. For å kunne halde nivået lågt vel PHV å tilsette ein ruskoordinator i 40 % stilling i kombinasjon med ei 60 % stilling som ruskonsulent ved PSK. Rusposten ved NPS er ikkje teke med i budsjettet for 2012.

## Status og omstilling

Helse Førde har store økonomiske utfordringar, og dei gjer seg også gjeldande for Psykisk helsevern. Som eit ledd i tilpassinga til budsjetttrammene blir det arbeidd med å redusere døgnbehandling og auke poliklinisk tilbod. Samtidig har vi ei utfordring i å skape forståing for at omstilling frå døgn- til dag- og poliklinisk tilbod representerer ei styrking av tilbodet.

Vår viktigaste innsats i pasientbehandlinga er terapeuten og anna personale sin kompetanse til å etablere gode relasjonar og yte rett terapeutiske behandling til den einskilde pasienten. For å sikre dette er det naudsynt at vi driver målretta og systematisk opplæring av eige personale. Kurs, opplæring og kompetansebygging er krevjande og kostbart når vi også får reise- og opphaldskostnader i dei fleste høve.

Samla har vi i 2011 ein situasjon med forventning til budsjettbalanse. I løpet av 2011 har vi gjort fleire grep og endringar for å klare dette. Heilårsverknadar av desse tiltaka er rekna inn i budsjettet.

## Økonomi

Data							
Art HV Mal	Rekn 09	Rekn 10	Budsjett 11	Prognose 11	Avvik Bud-Progn	Budsjett 12	Progn Just År 12
Basisramme inkl midler til å dekke avskrivning	250 108	283 100	271 091	271 091		297 700	26 609
Gjestepasienter	3 939	4 295	3 439	3 605	166	3 715	109
Polikniske inntekter	14 526	14 671	16 217	16 094	- 123	17 114	1 020
Andre øremerkede tilskudd	44 179	12 335	12 688	13 299	612	1 164	- 12 135
Andre driftsinntekter	6 896	7 617	8 023	6 008	- 2 016	6 127	119
Sum driftsinntekter	319 648	322 019	311 457	310 097	- 1 360	325 820	15 723
Kjøp av offentlige helsetjenester	18 083	13 521	5 397	5 399	2	5 507	108
Kjøp av private helsetjenester			5 527	5 117		4 889	
Varekostnader knyttet til aktiviteten i helseforetaket	4 210	4 377	5 097	5 006	- 91	6 430	1 424
Innleie av personell			434	55		57	
Lønn til fast ansatte	200 894	209 194	211 631	214 516	2 885	221 638	7 121
Overtid og ekstrahjelp	7 941	7 431	7 930	6 922	- 1 008	7 332	410
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	38 800	40 294	40 164	40 127	- 37	45 957	5 830
Offentlige tilskudd og refusjoner vedr arbeidsforhold	- 10 863	- 11 689	- 11 614	- 12 211	- 597	- 12 605	- 394
Annen lønn	29 238	30 786	31 420	31 149	- 271	32 402	1 253
Andre driftskostnader	17 518	17 607	15 471	14 409	- 1 061	14 213	- 196
Sum driftskostnader	305 820	311 521	311 457	310 491	- 967	325 820	15 329
Driftsresultat	13 828	10 498		394	394		- 393

### Ramme 2012

I tabellen over ligg nettoeffekten i prisendringer, nærare detaljer i avsnitt "Tiltak".

Psykisk Helsevern	Rekneskap	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Endring
Basis	2009	2010	2011	2012	11 til 12
Basisramme inkl midler til å dekke avskrivninger	250 108	283 100	271 091	297 700	26 609
Andre øremerkede tilskudd	44 179	12 335	13 299	1 164	- 12 135
Sum basis	294 287	295 435	284 390	298 864	14 474
<i>Redusert basis etter ny psykiatrinøkkel</i>		- 16 000			
<i>Overført basisramme til IS saman med ansvar for eigedom og matforsyning.</i>				- 22 765	

Frå 2012 er mesteparten av øyremerkta tilskot overført til basisramma for PHV.

### Ramme fordelt pr. avdeling

Data							
Netto resultat pr avdeling	Rekn 09	Rekn 10	Budsjett 11	Prognose 11	Avvik Bud-Progn	Budsjett 12	Progn Just År 12
01A - PSYKISK HELSEVERN	- 275 117	- 271 476	- 254 303	- 255 860	- 1 558	- 267 652	- 11 792
01F - INDRE SOGN PSYKIATRISENTER	37 667	35 992	32 072	32 752	680	33 282	530
01G - NORDFJORD PSYKIATRISENTER	41 261	39 418	35 809	34 765	- 1 044	37 016	2 251
01H - PSYKIATRISK KLINIKK	129 999	134 406	134 315	134 817	502	142 756	7 939
01I - RUS	2 875	- 448	- 1 831	- 857	974	91	948
01K - BUP	49 486	51 612	53 939	54 778	839	54 507	- 271
Totalsum	- 13 828	- 10 496		394	393		- 394

Dei to sengepostane ved Nordfjord psykiatrisenter (NPS) er slått saman. Samanslåinga inneber reint fysisk at alle inneliggande pasientar skal vere i hovudetasjen og at underetasjen, som tidlegare òg vart nytta til inneliggande pasientar, no er tom/ledig. Samanslåinga av sengepostane har resultert i monalege driftsøkonomiske fordelar. Det vil vere behov for nokre mindre investeringar for å tilpasse arealet til den nye drifta.

### Føresetnader i budsjett 2012

Føresetnader for definering av dei klinikkvise rammene:

- Rammene for 2011 vidareførast. Dette medfører at eit underskot i 2011 må fullt ut dekkast inn gjennom tiltak i 2012.
- Lønsauke, inntekter og varekostnad og andre driftskostnader: felles prinsipp lagt til grunn.
- PHV har sett av midlar til felles kostnader, og fordelt resten med 20 % til psykisk helsevern for barn og ungdom og 80 % til psykisk helsevern for vaksne.

## Inntektsutvikling

PHV har hatt reduksjon i frie inntekter. Av disse har gjestepasientinntekter ved NPS vore den viktigaste. Med nedtak av senger i PHV vert det også lågare kapasitet til å ta i mot gjestepasientar.

## Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2009	Oppnådd 2010	Prognose 2011	Mål 2012	Endring 11 til 12
<b>Vaksen</b>					
Tal heildøgnsopphald	23 513	21 484	21 055	19 640	-1 415
Tal utskrivne pasientar	836	921	815	760	-55
Polikliniske konsultasjonar	17 334	17 580	18 950	19 125	175
Poliklinisk dagbehandling	2 176	1 795	1 500	1 580	80
<b>Rus</b>					
Tal heildøgnsopphald	4 640	5 460	5 695	5 860	165
Tal utskrivne pasientar	153	130	75	100	25
Polikliniske konsultasjonar	2 132	2 320	2 450	2 450	0
<b>BUP/UPH</b>					
Tal heildøgnsopphald UPH	1 397	2 038	1 200	1 200	0
Tal utskrivne pasientar UPH	52	55	48	48	0
BUP polikliniske konsultasjonar med RTV	15 820	14 487	14 300	14 400	100
BUP dekningsgrad 0 -17 år	5,5	0,0	5,0	5,0	0,0

### **NB! Vaksenpsykiatri er tal eksklusiv RUS.**

Fagområdet RUS omhandlar pasientar som har RUS som ein av diagnosen, pasientane kan ha anna hovuddiagnose.

PHV for vaksne har redusert tal senger i løpet av 2011 slik at tal heildøgnsopphald vert færre. Rustilbodet ved Tronvik har no det nivået som var planlagt ved etablering av eininga. Eit rustilbod i Helse Førde gjer også at pasientane oftare får eit fagleg retta rustilbod framfor eit tilbod i DPS. Poliklinisk vert dagens nivå oppretthalde også i 2012.

Når PHV for barn og unge skal tilpasse si drift til 20 % av PHV si ramme, vert det naudsynt å redusere kostnadane i høve rammene som BUP har disponert dei siste åra. Vi har vurdert tal tilsette i BUP opp mot måltal for tenesta definert av Helse Vest, og opp mot faktisk storleik og organisering av drift i andre føretak i Helse Vest.

I den regionale planen for psykisk helse vedtatt av styret i Helse Vest i juni 2011 vert barne- og ungdomspsykiatrien definert gjennom ei rekkje krav og produktivitetsmål. To nasjonale krav som vert gjentatt i den regionale planen er at BUP skal ha ein dekningsgrad på 5 %, og at fristbrot ikkje skal førekomme. Med riktig bruk av prioriteringsretteleiarer meiner Helse Vest at det er naudsynt med ei bemanning som tilsvarer 1,5 polikliniske behandlarar pr. 1000 barn i populasjonen. I dette ligg også ein føresetnad om at behandlarane når produktivitetmåla Helse Vest har sett på 35 pasientar per behandlar per år og 450 tiltak (direkte og indirekte) per behandlar per år.

Stillingar	Førde BUP	Sogndal BUP	Nordfjord BUP	SUM
Helse Førde per no i 2011	26,5	12	12,4	50,9
Norm frå Helse Vest	19	9	11	39
Norm i Helse Bergen	23,5	11	12,5	47
Tal stillingar Helse Førde med ny budsjettramme i 2012	24	11	12,5	47,5

Oversikta syner talet på polikliniske stillingar i avdelinga samanlikna med norm gitt frå Helse Vest, norm som Helse Bergen og etter ny budsjetttramme for BUP i Helse Førde. Som oversikta syner vil ein etter ny budsjetttramme framleis ligge godt over norm gjeven frå Helse Vest.

Ifølge den regionale planen må tilbodet til barn og unge først og fremst bli gitt som polikliniske, ambulante tenester, samt gjennom rettleiing og samarbeid med andre samarbeidspartnarar. Familiehuset er eit fylkesdekkande dagbehandlingstilbod, der familieane får eit familieretta tilbod. Familieane bur på institusjonen i om lag fire veker. Det er plass til ein familie om gongen. Det er eit ønskje frå både fagmiljø og myndigheitene si side at barn og ungdom i minst mogleg grad skal opphalde seg på institusjon. Det er eit ønskje at behandlinga i størst mogleg grad skal gjevast slik at barn og ungdom kan bu heime.

## Konklusjon

Avdelinga kan gje eit fagleg forsvarleg tilbod innanfor budsjetttramma for 2012.

- Avdelinga skal kunne innfri ventetidsgarantien både for vurdering og behandling gjennom sikring av tilstrekkeleg behandlarkapasitet i poliklinikk.
- Familiehuset vert lagt ned og det familieretta arbeidet skal i framtida gjevast gjennom poliklinisk – og ambulant verksemd.

## Aktivitet per avdeling

Aktivitet	Heildøgn						Poliklinikk m/refusjon					
	Oppnådd 2008	Oppnådd 2009	Oppnådd 2010	Prognose 2011	Måltal 2012	Endring 11 til 12	Oppnådd 2008	Oppnådd 2009	Oppnådd 2010	Prognose 2011	Måltal 2012	Endring 11 til 12
FBUP	-	-	-	-	-	0	6 093	7 518	7 242	7 000	7 100	100
NBUP	-	-	-	-	-	0	3 829	4 544	3 590	3 800	3 800	0
SBUP	-	-	-	-	-	0	3 534	3 758	3 655	3 500	3 500	0
UPH	1 395	1 397	2 038	1 200	1 200	0	-	-	-	-	-	0
<b>SUM BUP</b>	<b>1 395</b>	<b>1 397</b>	<b>2 038</b>	<b>1 200</b>	<b>1 200</b>	<b>0</b>	<b>13 456</b>	<b>15 820</b>	<b>14 487</b>	<b>14 300</b>	<b>14 400</b>	<b>100</b>
ISP	4 903	4 470	4 320	4 180	3 790	-390	3 837	3 514	4 150	5 450	5 450	0
RUS ISP	238	287	280	20	10	-10	338	375	450	550	550	0
NPS	5 303	4 588	4 320	4 075	3 150	-925	4 634	5 296	5 670	5 750	5 800	50
RUS NPS	850	485	480	175	350	175	587	765	630	650	600	-50
PSK	15 449	14 455	12 844	12 800	12 700	-100	8 435	8 524	7 760	7 750	7 875	125
RUS PSK	3 024	3 869	4 700	5 500	5 500	0	861	992	1 240	1 250	1 300	50
<b>SUM VP</b>	<b>25 655</b>	<b>23 513</b>	<b>21 484</b>	<b>21 055</b>	<b>19 640</b>	<b>-1 415</b>	<b>16 906</b>	<b>17 334</b>	<b>17 580</b>	<b>18 950</b>	<b>19 125</b>	<b>175</b>
<b>SUM RUS</b>	<b>4 112</b>	<b>4 640</b>	<b>5 464</b>	<b>5 695</b>	<b>5 860</b>	<b>165</b>	<b>1 786</b>	<b>2 132</b>	<b>2 320</b>	<b>2 450</b>	<b>2 450</b>	<b>0</b>

**NB! Voksenpsykiatri er tal eksklusiv RUS.**

Fagområdet RUS omhandlar pasientar som har RUS som ein av diagnosen, pasientane kan ha anna hovuddiagnose.

Avdeling	Utskrivne pasientar						Dekningsgrad 0 -17 år i % av befolkninga					
	Oppnådd 2008	Oppnådd 2009	Oppnådd 2010	Prognose 2011	Måltal 2012	Endring 11 til 12	Oppnådd 2008	Oppnådd 2009	Oppnådd 2010	Prognose 2011	Måltal 2012	Endring 11 til 12
FBUP	-	-	-	-	-	0	4,9	5,1		5,0	5,0	0,0
NBUP	-	-	-	-	-	0	5,8	6,2		5,0	5,0	0,0
SBUP	-	-	-	-	-	0	4,2	5,3		5,0	5,0	0,0
UPH	47	52	55	48	48	0	-	0,0		0,0	0,0	0,0
<b>SUM BUP</b>	<b>47</b>	<b>52</b>	<b>55</b>	<b>48</b>	<b>48</b>	<b>0</b>	<b>5,2</b>	<b>5,5</b>		<b>5,0</b>	<b>5,0</b>	<b>0,0</b>
ISP	143	127	129	110	100	-10						
RUS ISP	7	19	1	-	10	10						
NPS	146	172	151	180	135	-45						
RUS NPS	31	27	19	-	15	15						
PSK	550	537	641	525	525	0						
RUS PSK	101	107	110	75	75	0						
<b>SUM VP</b>	<b>839</b>	<b>836</b>	<b>921</b>	<b>815</b>	<b>760</b>	<b>-55</b>						
<b>SUM RUS</b>	<b>139</b>	<b>153</b>	<b>130</b>	<b>75</b>	<b>100</b>	<b>25</b>						

**NB! Voksenpsykiatri er tal eksklusiv RUS.**

Fagområdet RUS omhandlar pasientar som har RUS som ein av diagnosen, pasientane kan ha anna hovuddiagnose.

## Kostnadsutvikling

Data							
Lønnskostnad pr avdeling	Rekn 09	Rekn 10	Budsjett 11	Prognose 11	Avvik Bud-Progn	Budsjett 12	Progn Just År 12
01A - PSYKISK HELSEVERN	1 082	1 761	2 935	1 975	- 960	2 492	517
01F - INDRE SOGN PSYKIATRISENTER	36 776	34 889	33 044	33 814	769	34 925	1 111
01G - NORDFJORD PSYKIATRISENTER	39 682	38 930	37 470	36 645	- 825	38 999	2 354
01H - PSYKIATRISK KLINIKK	134 065	143 052	147 321	147 914	594	157 514	9 600
02I - RUS	567	564	1 091	799	- 293	1 233	434
01K - BUP	53 837	56 820	57 671	59 357	1 686	59 561	204
<b>Totalsum</b>	<b>266 010</b>	<b>276 016</b>	<b>279 532</b>	<b>280 504</b>	<b>972</b>	<b>294 724</b>	<b>14 220</b>

Data							
Varekostnad pr avdeling	Rekn 09	Rekn 10	Budsjett 11	Prognose 11	Avvik Bud-Progn	Budsjett 12	Progn Just År 12
01A - PSYKISK HELSEVERN	6 533	4 394	4 327	3 956	- 371	4 035	79
01F - INDRE SOGN PSYKIATRISENTER	802	780	624	515	- 110	525	10
01G - NORDFJORD PSYKIATRISENTER	1 084	977	582	342	- 241	349	7
01H - PSYKIATRISK KLINIKK	2 775	2 352	3 439	2 268	- 1 171	2 635	367
02I - RUS	10 261	8 487	6 833	8 176	1 342	9 041	866
01K - BUP	837	907	649	321	- 327	298	- 23
<b>Totalsum</b>	<b>22 292</b>	<b>17 898</b>	<b>16 455</b>	<b>15 577</b>	<b>- 877</b>	<b>16 883</b>	<b>1 305</b>

Data							
Andre driftskostnader pr avdeling	Rekn 09	Rekn 10	Budsjett 11	Prognose 11	Avvik Bud-Progn	Budsjett 12	Progn Just År 12
01A - PSYKISK HELSEVERN	129	125	223	163	- 60	536	374
01F - INDRE SOGN PSYKIATRISENTER	2 288	2 788	1 431	1 312	- 120	1 297	- 15
01G - NORDFJORD PSYKIATRISENTER	3 556	3 318	1 728	1 341	- 387	1 351	10
01H - PSYKIATRISK KLINIKK	7 666	7 758	6 742	6 185	- 557	5 939	- 246
02I - RUS	81	201	586	510	- 76	517	7
01K - BUP	3 797	3 417	4 760	4 899	138	4 572	- 327
<b>Totalsum</b>	<b>17 518</b>	<b>17 607</b>	<b>15 471</b>	<b>14 409</b>	<b>- 1 061</b>	<b>14 213</b>	<b>- 196</b>

## Tiltak

Prisendringar	Effekt 2012
Prisauke inntekter	- 850
Endring i ramme overført til PHV	- 14 197
Lønsauke og overheng	9 740
Prisauke vare- og andre driftskostnader	633
Korrigert pernsjonskostnad 2012	5 880
<b>Sum prisendringar</b>	<b>1 206</b>

## Innsparings- og omstillingstiltak PHV

Tiltak i budsjett Psykisk Helsevern	Plan i verksett	Budsjett 2012	Risiko	Omtale status
Nedlegging av Familiehuset	feb. 12	- 3 236	middels	Familiehuset er eit tilbod til familiar med sjuke barn og ungdom. Behandlinga vert vidareført som eit reint poliklinisk tilbod ved dei ulike poliklinikkane
Reduksjon i personell BUP	jan. 12	- 1 275	høy	BUP må redusere omfanget av drifta med om lag 3 stillingar utover Familiehuset for å drive innanfor budsjetttramma.
Udekte stillingar lege	sep. 12	- 960	låg	Overlege i permisjon og LIS haldast vakant i 1/2 år
Udekt stillingar psykolog	sep. 12	- 302	låg	psykolog går som ledd av spes.løp over i stilling på SBU. 100% st i 4 mnd.
Strke rus + ny stillinga rusvern	feb. 12	1 313	låg	Auke kapasitet ruskoordinator vil bidra til at Helse Førde får betre kapasitet til å finn tilbod til ruspasientane, både fagleg og økonomisk.
Styrking av dagtilbod, ambulant tem og geriatri ved NPS	mai. 12	1 579	låg	NPS har i 2011 slått saman sengeposten og redusert tal senger. For å gi eit adekvat tilbod lyt ein nytte noko av innsparinga til å styrke andre sider av drifta .
Omstilling NSH, 2,4 stillingar overført NPS	sep. 12	460	låg	3 personer ønsker å omplasseres til NPS i samband med omstilling ved NSH. Opplæring og på toppen arbeid i 4 månader.
<b>Sum innsparingstiltak/aktivitetsauke</b>		<b>- 2 420</b>		

## Bemanningsplan

PHV har per november 2011 heile 426 brutto månadsverk og 387 netto månadsverk, noko som er i høgste laget i høve budsjettbalanse. Ut i frå dagens nivå skal BUP redusere med 8 årsverk, ISP skal redusere med 0,5 årsverk, NPS skal auke med 2 årsverk og PSK og RUS skal auke med 1 årsverk.

## Budsjettprosess

PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosessen:

- 21.09.11 Klinikkråd med HVO og tillitsvalte. Orientering om budsjettprosessen generelt, foreløpige budsjettforesetnadar og milepælar frå økonomidirektør.
- 23.09.11 Budsjettpåminning frå klinikkdirektør til avdelingsleiar PHV og forventning om at verneteneste og tillitsvalte lokalt vert involverte.
- 03.10.11 Drøftingsmøte PSK for tillitsvalte og verneteneste.
- 17.10.11 Budsjettinnspel frå avdelingsleiarar PHV.
- 18.10.11 Drøftingsmøte BUP for tillitsvalte og verneteneste.
- 19.10.11 Klinikkråd PHV, med HVO og tillitsvalte.
- 21.10.11 Drøftingsmøte NPS for tillitsvalte og verneteneste.
- 26.10.11 Dialogmøte budsjett ISP.
- 03.11.11 Dialogmøte budsjett PSK.
- 07.11.11 AMU PHV.
- 08.11.11 Drøftingsmøte NPS for tillitsvalde og verneteneste.
- 14.11.11 Drøftingsmøte ISP for tillitsvalde og verneteneste.
- 15.11.11 Budsjettinnspel med aktivitet, økonomi og personell endringar ligg føre frå direktør PHV.
- 15.11.11 Dialogmøte budsjett BUP.
- 16.11.11 Budsjettet lagt fram i klinikkråd PHV, med HVO og tillitsvalte
- 17.11.11 Dialogmøte budsjett NPS.
- 02.12.11 Dialogmøte budsjett PHV.

## Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet:

Psykisk helsevern – PHV (nytta både om Klinikkk Psykisk helsevern og avd. for fellesansvar)

PHV avdeling for Barn og ungdom - BUP

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Psykiatrisk klinikk – PSK

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH

Førde BUP – FBUP, Nordfjord BUP – NBUP, Sogndal BUP – SBUP, Nordfjord sjukehus - NSH